



## PROTOKOLL FRÅ GENERALFORSAMLING I OPERO

20. april 2016 kl. 12:00 – 12:45 i Opero sine lokalar på Heiane, Stord.

Styreleiar Arnulf Ingvaldsen opna generalforsamlinga og ynskte eigarar og styret vel møtt.

Innkallinga vart godkjent.

### **Fylgjande eigarar var møtt fram med fullmakter:**

<i>Stord Kommune</i>	<i>492 aksjar</i>	<i>Harry Herstad</i>
<i>Bømlo Kommune</i>	<i>338 aksjar</i>	<i>Sigrun Alvsvåg</i>

---

**830 aksjar av 1755 var representert.**

Frå styret møtte styreleiar Arnulf Ingvaldsen, styremedlemmer; Siren Eldøy Hinderaker, Svein Lunde og Sissel K. Gravdal og adm. direktør Birte Nilsen.

Til møteleiar vart valt Arnulf Ingvaldsen og skrivar Birte Nilsen.

Til å skriva under protokollen (saman med møteleiar): Sigrun Alvsvåg.

**Sak 1.0**      **Årsoppgjer 2015.**  
Årsmelding; Godkjent.  
Resultatrekneskap; Godkjent.  
Balanse; Godkjent.  
Revisor si melding vart teken til etterretning.

**Sak 2.0**      **Val av revisor.**  
Revisor for 2015 BDO AS; Vedteke.



**Sak 3.0 Fastsetjing av honorar for 2015.**

Revisorhonorar Kr. 70.535,-; Godkjent.

Styrehonorar; Styret sitt forslag:

**Forslag:** Styreleiar: kr. 34.500,- pr. år + møtegodtgjersle  
 Nestleiar: kr. 17.000,- pr. år + møtegodtgjersle  
 Styremedlem; kr. 4.000,- pr. møte

Forslaga samrøystes vedteke.

**Sak 4.0 Val av nytt styre.**

Valkomiteen har vore; Stord kommune  
 Bømlo kommune  
 Hordaland Fylkeskommune

Forslag;

<i>Styreleiar</i>	<i>Arnulf Ingvaldsen</i>	- <i>Bømlo</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Benthe Bondhus</i>	- <i>Kvinnherad</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Svein Lunde</i>	- <i>Fitjar</i>
<i>2. Varamedlem</i>	<i>Else Berit Helle</i>	- <i>Stord</i>
<i>3. Varamedlem</i>	<i>Vibecke Beyer</i>	- <i>Stord</i>

Etter valet er styret samansett slik;

<i>Styreleiar</i>	<i>Arnulf Ingvaldsen</i>	- <i>Bømlo</i>	<i>2 år</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Benthe Bondhus</i>	- <i>Kvinnherad</i>	<i>2 år</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Svein Lunde</i>	- <i>Fitjar</i>	<i>2 år</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Siren E. Hinderaker</i>	- <i>Stord</i>	<i>1 år</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Geir Ove Sele</i>	- <i>Bømlo</i>	<i>1 år</i>
<i>Tilsette sin repr.</i>	<i>Sissel K. Gravdal</i>	- <i>Stord</i>	<i>Tilsette vel</i>
<i>1. Vara medlem</i>	<i>Torstein Aarhun</i>	- <i>Kvinnherad</i>	<i>1 år</i>
<i>2. Vara medlem</i>	<i>Else Berit Helle</i>	- <i>Stord</i>	<i>2 år</i>
<i>3. Vara medlem</i>	<i>Vibecke Beyer</i>	- <i>Stord</i>	<i>2 år</i>
<i>Vara medlem tilsette</i>	<i>Berit Johannessen</i>	- <i>Stord</i>	<i>Tilsette vel</i>

Valnemnd; Fylkesordfører og ordførarane i Bømlo kommune og Stord kommune utgjer valkomité. Ordføraren i Stord kommune har ansvar for at komiteen vert kalla saman.

Valnemnda oppmoda om styreevaluering i forkant av val.



Generalforsamlinga ynskjer at valnemnda har fokus på kompetanse, geografisk fordeling og kjønnsbalanse i samansetjinga av styret. Det må ikkje berre leggast vekt på politisk bakgrunn. Det er sterkt ønskjeleg å knyta til seg styremedlemer med erfaring og kompetanse frå ulike bedrifter og bransjar.

Dei som ikkje vert attvald til styret skal orienterast i forkant av generalforsamlinga.

**Sak 5.0 Tildeling av styrefullmakt til erverv av egne aksjar**

For at Opero skal kunne erverve egne aksjar frå Vindafjord kommune rår ein til at generalforsamlinga tildeler styret fullmakt til å foreta slikt erverv i høve til aksjelova kapittel 9.

Forslaget inneber at:

Fullmakta gir rett til å erverva aksjar frå Vindafjord kommune i ein fullmaktsperiode på 2 år frå generalforsamlinga sitt vedtak.

Fullmakta gir rett til å erverva aksjar med samla pålydande inntil:	kr. 28.000,-
Det høgaste beløp som kan betalast pr. aksje er:	kr. 1.000,-
Det lågaste beløp som kan betalast pr. aksje er:	kr. 0,-

Styret vert stilt fritt med omsyn til på kva måte erverv og avhending av egne aksjar skal skje. Erverv og avhending av egne aksjar kan skje på den måten styret finn hensiktsmessig.

Forslaget vart vedteke av generalforsamlinga.

Møteleiar takka for frammøte.

Skrivar;

Handwritten signature of Birte Nilsen in blue ink.

Birte Nilsen

Møteleiar;

Handwritten signature of Arnulf Ingvaldsen in blue ink.

Arnulf Ingvaldsen

Underskrivar;

Handwritten signature of Sigrun Alvsvåg in blue ink.

Sigrun Alvsvåg